



Arkoconsult AS
Tom Andre Sivertsen
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7561 - 20/18030

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
03.04.2020

Svar på søknad om utvidet bruk av avkjørsel - gbnr 89/18 Haugsmyr

Tiltak: Endra bruk av eksisterande avkjørsle
Byggestad: Trælandsvegen
Tiltakhavar: Jørn Rune Storhaug
Ansvarleg søkjar: Arkconsult v/Tom Andre Sivertsen

Saka gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vert søkt om utvida bruk av eksisterande avkjørsle for etablering av einebustad på gbnr 89/18. Avkjørsle vert i dag nytta som tilkomstveg for fritidsbustad på gbnr 89/18, 89/10, 89/17, 89/19, 89/29, 89/30 og 89/35.

Eigar av gbnr 89/18 ønskjer å endre bruk av eigedom frå fritidsbustad til einebustad. Da eigedom er avsett til fritidsbustad i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygre og Lurefjorden 2011-2023, vert det søkt kommunen om dispensasjon frå dette arealformålet.

Vurdering/drøfting:

Den kommunale vegen er skilta med fartsgrense 50km/t. Minstekrav til sikt for veger med fartsgrense 50km/t er av vegdirektoratet sett til 4 x 45 meter. Krav til sikt er sagt å være absolutt.

Eksisterande avkjørsle er etablert relativt flatt og vinkelrett på kommunal veg, men avkjørsla har dårleg sikt mot venstre ut i den kommunal vegen. Dette stettar ikkje krava gitt i vegnormal N100. Som ein føresetnad for å kunne gje endra bruk av eksisterande avkjørsle må sikt i avkjørsla utbetrast.

Det veks ein rodedendron i avkjørsla si siktzone. Planten er relativt høg og tett og gjer at det er lite sikt i avkjørsla. Denne må fjernast for å få etablert sikta som krevjast.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 13207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

Ved å setje krav til utbetring av sikt i avkjørslen vil ein få ein meir trafikksikker avkjørsle.



Samandrag/konklusjon:

Alver kommune finn det forsvarleg å gje utvida bruk av eksisterande avkjørsle for gbnr 89/18 ved at gitte krav i løyve vert fulgt.

Vedtak:

Alver kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 einebustad på gbnr 89/18. Løyve vert gitt med heimel i Veglova §§ 40 til 43 med tilhøyrande regelverk:

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Rododendron-treet på venstre side av avkjørsla mot kommunal veg må fjernast eller kuttast og haldast nede til høgd under 0,5 meter.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Siktsona skal, til ein kvar tid, haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
- Under avkjørsla skal det leggast ned dreneringsrøyr med ei diameter på 200mm. Dreneringsrøyr skal leggast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røyrret.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket kan være søknadpliktig etter plan og bygningslova dersom avkjørsle treng stor utbetring.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til

kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Arne Helgesen

Avdelingsleiar

Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad

Ingeniør

Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jørn Rune Storhaug

Nipedalen 15

5164

LAKSEVÅG

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE
N

Alver kommune
Teknisk/v veg
Kvernhusmyrane 41
5914 Isdalstø

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 Valestrandsfossen
Telefon: 56 39 00 03
Telefaks: 56 19 11 30
E-post: post@arkoconsult.no
www.arkoconsult.no

Deres ref.:

Vår ref.:

Dato:

Tom Andre Sivertsen

18.03.2020

SØKNAD OM UTVIDET BRUK AV AVKJØRSEL, GBNR. 89/18 ALVER KOMMUNE

I forbindelse med søknad om bruksendring fra fritidsbolig til helårsbolig søkes det herved om utvidet bruk av eksisterende avkjørsel fra kommunal vei. Kart som viser aktuell avkjørsel er vedlagt.

Tiltakshaver: Jørn Rune Storhaug

Tiltakets adresse: Trælandsvegen 282, 5956 HUNDVIN

Reguleringsplan: Uregulert. Markert som eksisterende fritidseiendom i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden 2011-2023.

Aktuell veistrekning: KV1201 - Tæslandsvegen

Som følge av en økt bruk av eiendommen vil det medføre en økt bruk av avkjørsel til kommunal vei.

Imøteser deres tilbakemelding på dette. På forhånd takk.

Med vennlig hilsen/Best Regards




Tom Andre Sivertsen
Jurist, Byggesak

Direkte: +47 56390003 | Mobil: +47 92297292

Fax: +47 56191130

Epost: tas@arkoconsult.no





Søknad om utvidet bruk av dette krysset

Aktuell eiendom